



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355355

Vår dato
22.12.2014
Dykkar dato
22.09.2014

Vår referanse
2014/2391 421.1
Dykkar referanse

Statoil ASA

4035 STAVANGER

Fråsegn til konsekvensutgreiing for eksportløysingar for olje og gass frå feltet Johan Sverdrup i Nordsjøen

Fylkesmannen rår til at røyrføringa vert utforma og gjennomført med omsyn til naturmangfald, sårbare artar og vandrings av ål og anadrom fisk. Deponiområder bør verte avgrensa der det er fare for naturmangfaldet og spesielle naturtypar, spesielt ved tiltaksområde 3. Av omsyn til landskap og friluftsliv er det viktig å minimalisere arealinngrepa, spesielt ved landfall.

Fylkesmannen legg til grunn at vidare planlegging og inngrep vert basert på nødvendig kunnskap om sårbare artar. Vi ber om at det blir utført tilleggsutredning for å sikre godt nok kunnskapsgrunnlag.

Vi viser til brev om høyring av konsekvensutgreiing for eksportløysing for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet sendt frå Statoil ASA 22. september 2014.

Det er utarbeida konsekvensutgreiing som omfattar eksportløysningen for olje og gass frå Johan Sverdrup, inklusive nødvendige modifikasjonar på Mongstad terminal. For oljerørleidningen over land i Austrheim og Lindås kommunar skal konsekvensutgreiinga tilfredsstillende krava i petroleumslova og plan- og bygningslova.

Fylkesmannen skal vurdere om etablering av oljerørleidningen over land vil føre til skade eller nemneverdig ulemper for allmenne interesser i området. Vi vil vurdere kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldslova § 8. Planlegging av røyrgate, veg og andre tekniske installasjonar vert vurdert som eiga sak etter plan- og bygningslova.

Planar for utbygging

Johan Sverdrup skal etter planen starte produksjon av olje og gass seint i 2019. Stabilisert olje skal eksporterast til Mongstad terminal gjennom ein ny oljerørleidning som skal koplatt opp mot eksisterande lagerhaller i fjell.

Trasékorridoren for oljerørleidningen frå Johan Sverdrup går i nordaustleg retning mot Fedje. Søraust for Fedje går traseen parallelt med eksisterande rørleidningar Vestprosess og Mongstad gassrør for Fedjefjorden vert kryssa. Traseen passerar 1,6 km sør for ubåtvraket

U-864, som skal være tilstrekkeleg avstand til forbodssonen rundt. Rørtraseen fortsetter fram mot landfall ved Bergsvikhamn i Austrheim kommune. Den skal gå i ein røyrgate på 3,3 km over land frå Bergsvikhamn over Fosnøyna før den vert lagt i ein 5,5 km lang tunnel for å unngå inngrep i Lurefjorden og Lindåspollane som er kandidatområder for marint vern. Den vil passere under fire sund (Njotesundet, Monslaupen, Bakkøysundet og Hopssundet) som ligg like nord for kandidatområdene, før den kjem opp for å gå over land like sør for Mongstad. Det er foreslått to alternative trasear for dei undersjøiske tunnelane. Det skal borast ein vertikal pumpejakt ned til tunnelens lågpunkt for å kunne tømme tunnelen for vatn under inspeksjon.

Under anleggsarbeidet på land blir det etablert ein anleggskorridor med breidde 30 m. Det blir bygd ein midlertidig anleggsveg langs røyrgrøfta som vert sprengd og gravd ut. Massar skal mellomlagrast langs traseen eller fraktast til massedeponi utanfor traséområdet, høvesvis i tiltaksområde 1, 2b og 3. Tiltaksområde 1 og 2 b vil bli brukt som midlertidig deponi, og vil så langt det er praktisk mogleg bli tilbakeført i tråd med reguleringsplan. Tiltaksområde 3 skal ligge ved eit større område sør for Mongstad som kommuneplanen har lagt ut til framtidig næringsområde, og som skal brukast til samfunnsnyttige formål. Dette området forventar ein ikkje å måtte tilbakeførast til den tilstand området var før anleggsarbeidet starta. Ein vil prøve å disponere tilgjengelege masser innanfor sjølve anleggskorridoren for å oppnå massebalanse langs traseen. Terrenget langs traseen vil så langt som mogleg bli tilbakeført til same tilstand som før arbeidet starta, og harmonisert etter omgjevnadane ved å så til og revegetere områda.

Tiltaket vert vurdert til å ha negativ effekt bare i ein avgrensa periode, og inga effekt i driftsperioden, så lenge den går føre seg utan hendingar.

Fylkesmannens merknader

Ecofact har utarbeidd rapport om konsekvensar for etablering av oljerørleidningen over land for naturmiljø, landbruk, landskap og friluftsliv. Det er lagt til grunn både eksisterande data og ny kartlegging. Influensområdet er eit område med skiftande landskapskarakter, med fleire ulike landskapstypar som har blitt vurdert til å vere lokalt til regionalt vanleg førekommande.

Fylkesmannen meiner at karta over planane ikkje er tilfredstillande. Dei inneheld ikkje nok detaljar til å gje ein fullstendig oversikt over arbeidet som er søkt om og dei områda som vert råka.

Landbruk

Landtraseen over Fosnøyna skal i store trekk gå gjennom dyrka mark og varierende terreng med myrdrag, trelause knausar og med berg i dagen og noko skog. Nord for Hopland er rørtraseen lagt på fulldyrka mark. Fylkesmannen ser helst at ein i størst mogleg grad unngår å leggje rørleidningen på fulldyrka mark og overflatedyrka jord. Dersom ein ikkje har noko alternativ, bør det stillast vilkår om at ein i størst mogleg grad fører jorda tilbake i den stand den var før tiltaket. Dette vil i særleg grad gjelde i Austrheim kommune, som har lite jordbruksareal. Ut i frå fagrapporten frå Ecofact vil tiltaket i liten grad komme i konflikt med jordbruksinteresser i Lindås kommune.

Når det gjeld veg nær leidningen, vil denne kunne vere til fordel for landbruket, til dømes der det er aktuelt med skogsdrift i framtida.

Landskap og friluftsliv

Rørtraseen kjem i direkte kontakt med Hoplandsosen friluftsområde ved landfall. Det kjem ikkje fram av rapporten kor stort dette inngrepet blir og korleis inngrepet vert tilpassa friluftsliv og landskapsverdiar. Dette er ei fin vik som vert nytta av lokalbefolkninga. Det må takast omsyn til bruk av strandsona, og rørtraseen som leggst her bør bli minst mogleg synleg i tida etter anleggsfasen. Inngrepet i Hoplandsosen friluftsområde må ivaretaast på ein god måte. Vidare finst to friluftsområde i nærleiken av trasé og/eller tiltaksområda, men innverknader knyta til driftsfasen vil truleg bli små. I følgje oppdragshavar blir ikkje bruksmoglegheitene i desse områdene redusert i anleggsperioden.

Naturmangfald

Fylkesmannen meiner rapporten er noko mangelfulle når det gjeld naturmangfald. Vi rår til at det blir utført meir utgreiingar om moglege yngleplasser for den sårbare oteren (*Lutra lutra*) før igangsetting av arbeidet. Ved Keilsundet ligg tiltaksområde 3 i nærleiken av ein sannsynleg hekkeplass for hubro (*Bubo bubo*). Det er ein mangel at dette ikkje er undersøkt nærare. Det er også uheldig å lokalisere tiltaksområde 3 så nær denne førekomsten. Hubroen er nasjonalt raudlista som sterkt trua og er særleg sårbar for inngrep i nærleiken til reirplassane. Inngrep her kan føre til at hubroen ikkje vil bruke lokaliteten lenger. Ut frå dette meiner vi og at dei samla negative konsekvensane av naturinngrepa er større enn det som kjem fram av rapporten. Dersom ein likevel skal nytte tiltaksområde 3, må ein leggje vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Den sørlege grensa for tiltaksområdet må gå i lengst mogleg avstand frå sundet, og ein må unngå å hogge skog mellom sundet og anleggsområdet.

Fylkesmannen meiner at krav til bruk av kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslovas § 8 ikkje er oppfylt når det gjeld sjeldne og sårbare dyreartar og ber om meir utredning.

Når det gjeld terrestrisk naturmiljø, er det ikkje funne spesielt store biologiske verdiar i tiltaksområdet, og verknadane av tiltaket er vurdert til middels negative. Det er lagt til grunn at ein så langt som råd tek sikte på å tilbakeføre dei berørte områda til naturtilstanden.

Det knyter seg nokre problemstillingar til dei kulturbetinga naturtypene kystlynghei og naturbeitemark, dels òg til kystmyr, ikkje minst den registrerte myra nord for Keilsundet. Dei aktuelle lokalitetane her verkar å vere i attgroing fordi dei ikkje er i bruk som før. Desse vil få redusert verdi som dei respektive naturtypene om drifta ikkje blir tatt opp att, uavhengig av om det planlagde tiltaket blir gjennomført eller ikkje.

Vi har ikkje spesielle merknader til konklusjonane og råda i utgreiinga, men rapporten er noko mangelfull for terrestriske naturtypar fordi den manglar ein fylldig skildring av nye lokalitetar kartlagt gjennom utgreiinga. Dermed er det òg vanskeleg å vite kva som ligg til grunn for verdivurderinga av desse. Dei store verdiane er likevel ikkje funne her, og vi vurderer difor § 8 i naturmangfaldlova som oppfylt på dette punkt.

Rapporten skildrar og marine naturtypar som er i risiko dersom rørtraseen vert lagt gjennom desse. Det gjeld to korallrev og eit område med skjelsand. Fylkesmannen rår til at rørtrassen vert lagt rundt korallrevene med god margin, og at området med skjelsand om mogleg vert unngått.

Fisk

Røyrtraseen på land vil påverke vassdrag som fører sjøaure og kritisk trua ål. Det er viktig at ein tek omsyn til desse artane. Det må gjerast tiltak for å hindre avrenning til vassdraga under anleggsarbeidet.

Hopsvassdraget er laks og sjøaureførande, og ål er ein vanleg art i vassdraget. Fylkesmannen meiner det er uheldig at deponiområde 3 er plassert så nært dette vassdraget. Traseen i Frølandsvassdraget vil krysse ein utløpsbekk som truleg er ein viktig gytebekk for anadrom fisk i Frølandsvatnet. Fylkesmannen meiner dette er uheldig og at det er viktig å syta for at vandrane fisk får passere under anleggsperioden og elva må tilbakeførast til naturleg tilstand når anleggsperioden er over. Graving og arbeid i desse vassdraga skal ikkje skje i perioden oktober til mai/juni av omsyn til gyting og rogn/yngel i grus. Desse punkta må inngå i vilkår og avbøtande tiltak.

Fylkesmannens konklusjon

Fylkesmannen rår til at røyrframføringa vert utforma og gjennomført med omsyn på stader der det er fare for naturmangfaldet, og spesielle artar og naturtypar. Det er også viktig å minimalisere arealinngrepa, spesielt ved landfall, av omsyn til friluftsliv og landskap. Fylkesmannen vil peike på at karta over planane ikkje er tilfredstillande.

Fylkesmannen legg til grunn at vidare planlegging og inngrep vil vere basert på nødvendig kunnskap om sårbare artar som hubro, oter, ål og anadrom fisk. Vi ber om tilleggsanalyser for å sikre godt nok kunnskapsgrunnlag.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Oljedirektoratet (OD)	Postboks 600	4003	STAVANGER
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	Oslo
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep	0033	Oslo
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	Oslo
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger